

Reglement for samfunnsutvalet

Vedteke av Haram kommunestyre i møte 25.05.2024, k.sak 035/24

Heimel

Samfunnsutvalet er regulert som eit oppgåveutval jf. Reglement for folkevalde organ i Haram 2024. Oppgåveutval skal arbeide med konkrete tidsavgrensa oppgåver, og vert oppretta i medhald av kommunelova sin § 5-1d og § 5-7.

Val og samansetting

Samfunnsutvalet skal ha 5 medlemmar med varamedlemmar.

Kommunestyret vel sjølv leiar, nestleiar, medlemmer og varamedlemmer til utvalet.

Kommunedirektøren utpeiker sekretær for utvalet sitt arbeid, og stiller til disposisjon fagleg kompetanse frå administrasjonen etter behov.

Mandat

Samfunnsutvalet skal sørge for medverknad og involvering av innbyggjarar, foreldregruppe og næringsliv før kommuneplanen sin samfunnsdel skal vedtakast.

Samfunnsutvalet har følgande mandat:

1. planlegge meir involvering av innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar.
2. planlegge folkemøte i minimum kvar ungdomsskulekrins. Møta skal vere leia av ordførar og det skal orienterast om status for kommunen (statistikk, demografi, økonomi m.m.) og gi innbyggjarane høve til å kome med innspel til prioriteringar og satsingar i kommunen.
3. Lage ein rapport frå arbeidet og samanfatte innspel. Denne må leggest fram for kommunestyret i samband med arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel.

Tidsavgrensing

Eit oppgåveutval skal vere tidsavgrensa, jf. Reglement for folkevalde organ i Haram 2024.

I dette tilfellet er det vesentleg at tidsavgrensinga vert tilpassa allereie framlagt framdriftsskisse for arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel.

Milepæl	Tema	Kvar	April	Mai	Juni	Aug.	Sept.
Val av medlemmar	Val av medlemmar til utvalet	Kommunestyre salen ID-huset	KS-møte 25.april				
Første møte i utvalet	Planlegge gjennomføring av folkemøte		veke 18				
Dialogmøte med det frivillige	Jfr. invitasjon sendt ut 22.mars	Norborghallen		06.mai			
Folkemøte u.skulekrins 1	Innspel	Haramsøy skule		veke 20			
Folkemøte u.skulekrins 2	Innspel	Vatne ungdomsskule		veke 21			
Folkemøte u.skulekrins 3	Innspel	Brattvåg ungdoms-skule		veke 22			
Møte i utvalet	Bearbeiding av innkomne innspel			veke 23			
Status til kommunestyret	Orientering om resultatet frå folkemøta	Kommunestyre salen ID-huset			KS-møte 13.juni		
Møte i utvalet	Behandle rapport					veke 34	
Framlegging til kommunestyret	Framlegging av rapport til kommunestyret, som vedlegg til utkast til samfunnsdelen						KS-møte 19.september

Utvalet avsluttar sitt arbeid ved framlegging av kommuneplanen sin samfunnsdel til offentlig høyring.

Saksbehandling:

Reglar for innkalling, møteavvikling, saksbehandling m.v. framgår av ” Generelt reglement for kommunestyret og øvrige politiske utval jf. kommunelova § 11”

Kommunedirektøren har innstillingsrett i saker til samfunnsutvalet. Når samfunnsutvalet har ferdigstilt sitt arbeid i tråd med mandatet frå kommunestyret, skal kommunedirektøren skrive endeleg innstilling til vidare politisk behandling.